



# Tvisteløsningsnemnda

---

Vedtaksdato

04.12.2018

Vår referanse

2018/29494

Saksbehandler

Mona Ekelund

## **VEDTAK NR 114/18 I TVISTELØSNINGSNEMNDA**

**Saka ble behandla av tvisteløysingsnemndas leiar, Anne Marie Due**

**Saka gjeld**

Tvist om førerett for deltidstilsette etter arbeidsmiljølova § 14-3

**Arbeidstakar**

A

**Arbeidsgivar**

B

### **Det ble truffet slikt vedtak:**

#### **Saksframstilling**

A er fast tilsett som spesialsjukepleiar i stilling på 63 prosent ved B.

B lyste ut fast 100 prosent stilling som sjukepleiar med søknadsfrist 14. januar 2018. Andre stillinger kunne bli ledige. A søkte på stillingane den 13. januar 2018 for å vise si interesse for auka stilling, og opplyste at ho ikkje ønska den utlyste stillinga. Den 26. januar 2018 gjekk ein sjukepleiar av med pensjon og ei 80 prosent stilling som sjukepleiar ble ledig. Stillinga ble ikkje lyst ut. B rekrutterte frå søkermassen til den utlyste stillinga.

A fekk 14. februar 2018 e-post om at ein kollega fekk den utlyste stillinga på 100 prosent og at søkerar nå ville bli vurdert til andre stillingsdelar. Den 7. mars 2018 sende funksjonsleiar sms med beskjed om at 80 prosent stillinga blei tildelt ein sjukepleiar frå ei anna avdeling og at ein annan sjukepleiar hadde fått stillingsauke til 80 prosent. Alle dei ledige stillingane/stillingsdelane ble gitt til fast tilsette i deltidstillinger.

A og kollegaene klaga på tilsettinga i 80 prosentstillinga i brev datert 22. mars 2018. Dei undra seg over korfor ikkje stillinga var lyst ut eller nokon av dei fekk tilbod. Dei tilsette som hadde søkt ble heller ikkje kalla inn til intervju. Administrasjonen svarte i brev datert 12. april 2018 at tilsettinga skjedde i samarbeid mellom leiing, tillitsvalde og personalavdelinga og at den ikkje ville bli endra.

Administrasjonen sende skriftleg avslag på 100 prosent stillinga til A i e-post av 18. mai 2018. A tok saka til Tjosteløysingsnemnda ved e-post av 11. juni 2018. Begge partar har fått høve til å komme med utfyllande merknadar.

A har sendt inn følgjande dokument:

- e-post av 11. juni 2018 med vedlegg
- e-post av 19. august 2018
- e-post av 29. november 2018 med vedlegg

B har sendt inn følgjande dokument:

- brev datert 11. juli 2018 med vedlegg
- brev datert 24. september 2018 (Dato antakast å vere feil. Motteke 10. september)

#### **Utsegn frå arbeidstakar**

A meiner ho kan ha førerett til stillinga på 80 prosent og at ho er betre kvalifisert enn vedkommande som ble tilsett, sjølv om ho også hadde førerett. Ho fører i det vesentlege fram:

Ho har 10 års ansiennitet, og vidareutdanning i akuttmedisinsk sjukepleie. Ho gjer i dag dei same oppgåvene som ligg i 80 prosent stillinga. Ho har ikkje fått beskjed om at ho ikkje er kvalifisert eller eгna. Ho har ikkje fått like vilkår i tilsettingsprosessen.

### **Utsegn frå arbeidsgivar**

B meiner det er opp til leiarane å velje mellom kandidatar med førerett og at dei har tildelt stillinga etter kvalifikasjonsprinsippet. Verksemda fører i det vesentlege fram:

Arbeidsgivar gjorde ei grundig individuell vurdering av A og dei andre søkerane på grunnlag av arbeidserfaring, kompetanse og personlege eigenskapar. Det er vanleg praksis å vurdere søkerar til ei anna stilling når den nye stillinga er samanliknbar med den som var lyst ut. Det var ikkje naudsynt å intervju dei fast tilsette ved akuttavdelinga. Tillitsvalde hadde ingen innvendingar til tilsettinga og HR rådgivar var også med i prosessen.

### **Merknader frå tvisteløysingsnemnda**

Dersom det er klart at vilkåra for realitetsbehandling ikkje er oppfylt, kan tvisteløysingsnemndas leiar eller ein av nestleiarane aleine avvise saka, jf. forskrift om tvisteløysingsnemnd etter arbeidsmiljølova § 5 (2). Saka er difor behandla av nemndas leiar.

Tvist mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om førerett for deltidstilsette kan bringast inn for Tvisteløysingsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (1) og § 14-3 (4).

Frist for å bringe saka inn for nemnda er fire veker etter at skriftleg avslag frå arbeidsgivar kom fram til arbeidstakar, jf. forskrift om tvisteløysingsnemnd etter arbeidsmiljøloven § 4 (1). Fristen bereknast og avbrytast etter reglane i domstollova kapittel 8, jf. forskrift om tvisteløysingsnemnd etter arbeidsmiljølova § 4 (1).

Slik saka er opplyst legg nemndas leiar til grunn at sms frå funksjonsleiar 7. mars 2018 er eit endeleg avslag frå arbeidsgivar. Arbeidsgivar opplys der kven som har takka ja til dei ledige stillingane/stillingsdelane. I alle høve starta fristberekinga seinast då svaret frå administrasjonen datert 12. april 2018 kom fram til arbeidstakar. Nemndas leiar legg til grunn at brevet kom fram til arbeidstakar seinast 16. april 2018. Her gjorde arbeidsgivar det klart at tilsettingane ikkje ville bli endra på bakgrunn av klaga frå dei tilsette. Fristen for å reise saka for nemnda gjekk difor seinast ut i 14. mai 2018. A sende tvisten til nemnda 11. juni 2018.

Saka er dermed ikkje rettidig fremma, og må difor avvisast.

### **Konklusjon**

Saka avvisast som for seint fremma.

Tvisteløysingsnemnda

Anne Marie Due  
leiar

04.12.2018

**Til orientering:**

Tvist om førerett for deltidstilsette kan bringast inn for domstolane etter at tvisteløysingsnemndas vedtak føreligg, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 andre ledd. Nemndas konklusjon står ved lag mens saka er til behandling ved domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

Fristen for å bringe tvisten inn for domstolane er åtte veker rekna frå det tidspunkt tvisteløysingsnemndas vedtak ligg føre, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (3).